

# Sandefjord og Sandar

## Mållag - 75 år



## KAFFISTOVENE I SANDEFJORD, LARVIK OG HORTEN

Når ein skal drive eit mållag med tanke på å atterreise det norske målet til bruk i stat og kyrkje, krevst to viktige ting.

Dei som er med i laget, bør ha levande interesse for saka, gå inn for målet og bruke det sjøl. og så krevst det å ha pengar, eller eit økonomisk grunnlag å støse seg til.

Alt i 1908 kom kemnar O. Hanssen med tanken om å få i gang ei Kaffistove i Sandefjord. Ei nemnd blei seinare vald til å arbeide med saka, og prøve å finne eit lagleg hus. Fleire tilbod kom, og i 1914 blei Rådhusgata 9. kjøpt for 48 000 kr. Fleire av lagsfolka måtte vere med og

kausjonere. Johan L Tønnesson, Henrik Midttun, Lars Hørven, Karen Skjelland og Sigrid From, som sat i styret, tok tyngste taket.

1 pinsedag i jubileumsåret 1914 blei Kaffistova opna i 2 høgda Rådhusgt. 9, og blei snart ein triveleg møtestad for mange, både frå bygd og by. Omsetnaden steig for kvart år. Eit år under første verdenskrigen hadde vi 120 000 kr. i omsetnad, og 28 000 kr. i rein vinning. Og drifta av Kaffistova gav god forteneste framover i 20 og 30 åra. Eige driftsstyre blei vald kvart år frå 1923, og Henrik Midttun var ein dugande rekneskaps-førar i mange, mange år.



Kaffistova i Larvik

I 1926 kjøpte Mållaget den gamle sorenskrivargarden, Thaulovgarden, Storgata 24. i Larvik. Laget gjekk saman med Larvik og Brunla Norskdomslag, som var skipa 1917, om lutlaget «Kaffistova» i Larvik, som dreiv kaffistove i Storgt. 24 i mange år.

Då Horten Mållag i 1925 gjekk i gang med kaffistove, fekk dei og god hjelp av vårt lag, og Kaffistova der gjekk godt i mange år, fram til vanskelege tider i slutten av 60 åra.

Det var nok mange grunnar til at det utover i 60-åra tok til å bli vanskeleg å få drifta av Kaffistova til å løne seg.

Skattar og avgifter auka, lønene likeeins, og alt vedlikehald var dyrt. Rekneskapan synte underskot år etter år. I 1965 blei så Mållagshytta «Veløy» seld. Den hadde vore lite brukt av lagsfolk dei siste år. Det hjelpte på rekneskapan eit par år, men 29. 6. 1968 stod det i Sandefjord Blad:

«Kaffistova serverer sin siste kopp kaffe med lefse i dag».

Kaffistova i Larvik, der dei også servera middag, greidde seg litt lenger, men i 1972 laut dei slutte drifta der og. I Horten var stova lagd ned nokre år før. Det retta seg snart med økonomien i laget vårt, for vi hadde bra husleigeinntekter.

### Styrarinner på Kaffistova

Frøken Anna Solheim frå Sunnfjord styrde Kaffistova første året. Men då ho sette i gang med liknande forretning for seg sjøl, blei Kristiane Grevle frå Brunlanes tilsett i 1915. Ho styrde Stova til 1926, då Margit Rui frå Seljord tok over fram til 1940.

I dei vanskelege krigsåra, og fram til 1947 var Margareth Nilsen, (seinare fru Marthinsen) styrarinne på Stova. Ho fortalde seinare til Lars Os om dei mange vanskar med tyskertrafikk, og om då dei blei jaga ut og måtte flytte til Maskinistforeningens hus i Skolegata. Det var i 1943. Og der heldt Stova til heilt til



Kristiane Grevle

krigen var slutt. Det var nå helst eit mirakel at dei kunne halde det gåande heile tida under krigen. Os har skrive mykje om det.

Frå 1947 blei Kari Svalastoga frå Flatdal styrarinne fram til 1952. Då tok systema, Signe Svalastoga over. Ho slutta då ho gifta seg i 1958 og blei heitande fru Gjelstad. Båe systrene hadde arbeidd i mange år på Stova før dei tok over styret der.

Etter at Kari Svalastoga hadde hjelpt til att eit års tid, tok Ingeborg Lien frå Sandar over i 1959 og styrde Stova i nær 10 år, til drifta blei nedlagd i 1968. Ho har seinare budd i styrarinne-bustaden i 3. høgda, har tilsyn som vaktmester og fører rekneskap for eigedomen Rådhusgata 9.

Ein av grunnane til at Kaffistovedrifta gjekk godt i mange år,

var at vi hadde flinke styrarinner, og mange flinke jenter til arbeids hjelp. Lars Os skriv i den store årsmeldinga ved 60 års jubileet for Mållaget i 1967:

«Skal soga om Mållaget og Kaffistova bli rett, bør vi minnst dei som var styrarinner på Kaffistova. Dei hadde eit ansvarsfullt yrke. Styrarinna var liksom vaktmann for Rådhusgata 9, skulle sjå etter at alt var i orden, og varsle driftsstyret om det som var i ulage, gje råd om forandringar og tilsetje tenarhjelp. Kjøpe inn matvarer, og lage til alt som skal seljast både av flytande og etande. Ta vare på pengane som kom inn, og betale løner til stovejentene. Passe på klevask og husvask, og ha orden og disiplin i forretningen.

Ei interessert og flink styrarinne var gull verd for Mållaget.»

## MÅLLAGET UNDER KRIGEN 1940 - 1945

Den 9. april 1940 braut den sterke tyske hermakta inn i landet vårt. Etter ein vonlaus kamp, rømde Kongen og riksstyret over til England og heldt fram med krigen derifrå. Noreg var hærteke frå Lindesnes til russegrensa i nord.

For oss som var att her heime, galdt det nå å skaffe mat. Det var

jorda og sjøen som laut vere det sikre stabburet vårt.

### Mållaget kjøper gard

Det var fleire som kom på den tanken at Mållaget burde kjøpe ein gard som kunne skaffe Kaffistova ymse matvarer, og samstundes fekk vi setje pengar i faste verdiar.

På møte i laget 20 mai 1941 blei det gjort vedtak om å kjøpe garden Nordre Istre i Tjølling for 51.000 kr.

Men garden hadde fleire år vore dårleg bruka, og det måtte store kostnader til med grøfing, innkjøp av buskap og reidskap, så det blei nok helst tap av gardsdrifta, og heller ikkje mykje til overs for Kaffistova.

Mållaget selde garden att i 1946.

### Tunge tider

«Sverdet fortærer her og der», sa kong David. Og krigen råka nokre i Mållaget og. Det er særleg to lagslemer vi skal minnst.

**Johan Midttun** budde saman med si Berlin-fødde frue, Lo, i 3. etasje i Rådhusgt. 9. heilt frå 1924. Han var bror til disponent H. Midttun. Han hadde gått den tekniske skolen på Horten, og var maskinagent, helst kontor-maskiner. Saman med Andreas Bertnes og Øivind Ask vart han meld til det tyske politiet av ein «angivar» for å drive på med radiosending til England.

Alle tre blei tekne, ført til Oslo og dømt til døden som spionar. Dei blei skotne 4. desember 1941.

Biskop Hauge skriv om Johan Midttun. Hauge var prest som trøsta dei dødsdømde, og han var hjå Johan den siste dagen:

«Midttun var vokst opp i vindharde skjærgården vestpå, og den staute skikkelsen bar preg av det. Fåmælt var han, men det som ble sagt kom med stille styrke. En tillitsfull barnetro hadde han tatt med seg fra heimen, og ingen ting hadde rokket den. I kveld mer enn noen-sinne var det hans beste styrke.»

**Hjørleiv Midttun** var mykje med i Mållaget. Han var ei tid møteskrivar, og han styrde og rettleidde leikarringar. Han var bror til Henrik Midttun og var blitt radiotelegrafist på «Kosmos» 2. som blei torpedert i Atlanterhavet.

Mannskapet var alle gått frå borde, men då dei såg at skipet flaut, gjekk kapteinen og radiotelegrafisten Midttun inn att på båten. Så kom ein ny torpedo, og skipet sokk ned med kapteinen og Midttun som var ombord.

### Kirkenesferda 1942

Den 20 mars 1942 vil bli ståande i minnet i mange lærarheimar. Lærarane ville ikkje melde seg inn i «Lærarsambandet» som Quisling og partiet hans skulle bygge opp for å nazifisere born og ungdom. Så plukka nazistane ut omlag 1000 av lærarane for å presse dei til lyd. I Sandar blei 8 lærarar arresterte ørtidleg om morgonen. Dei som hadde peika oss ut,

## Kulturarbeid

Når Mållaget gjennom mange år har gjeve stønad til kulturarbeid av mange slag, og har kunna det, så er det fordi drifta av Kaffistova gav god fortjeneste i mange år, og gav høve til å bygge opp dei verdiar vi nå har.

Det er ikkje små summar Laget har gjeve, ikkje bare til målarbeid, men til mange forskjellige kulturtiltak, mest innan Vestfold, men også elles i landet. Og vi er glade for at dei verdiar som er bygd opp av lagsfolk gjennom tidene, framleides kan bli til glede for mange.